Høgskolen i Telemark

EKSAMEN

813 Arbeidsrett

29/4-2005

Tid:	4 timer
Målform:	Bokmål/nynorsk
Sidetal:	4 + forside
Hjelpemiddel:	Lovsamling, forskrifter og kopier av lover og forskrifter (utskrift fra Lovdata) samt Hovedavtalen LO-NHO.
Merknader:	Kandidatene skal svare på alle spørsmål Svarene skal grunngis Det skal vises til aktuelle lovbestemmelser
Vedlegg:	Ingen

Eksamensresultata blir offentliggjort på Arena høgskole. Passordet til Arena har alle studenter fått i eget brev ved semesterstart. Du går inn på Arena høgskole via HiTs nettsider. I tillegg finn du eksamensresultatslister på utsiden av eksamenskontoret.

Oppgave I

Industrimek as er et selskap som produserer og selger utstyr til norske skipsverft. Bedriften har 16 ansatte, hvorav 10 i produksjon, 3 i salgsavdelingen og 3 i administrasjonen.

De ansatte ved Industrimek har tidligere ikke vært organisert i noen fagforening. På grunn av usikkerheten i bransjen bestemmer samtlige arbeidere seg for å melde seg inn i Fellesforbundet (som er et LO-forbund) og det blir satt fram krav om innføring av tariffavtale ved bedriften. Marte skyr Fellesforbundet som pesten og nekter innføring av tariffavtale.

Spm. 1
Forklar kort hvilke virkemidler henholdsvis bedriften og de ansatte kan benytte seg av i denne situasjonen.

Partene kommer til slutt til enighet og det blir opprettet tariffavtale ved bedriften.

På grunn av nedgangen i verftsindustrien har salget sunket. Adm dir Marte Kirkerud vurderer å permittere 2 ansatte i produksjonen og 1 i salgsavdelingen.

Spm. 2
Hvilke vurderinger må Marte Kirkerud gjøre før hun tar beslutning om hvorvidt disse 3 ansatte skal permitteres? Forklar også hvorfor det er viktig med disse vurderingene.

Mens Marte Kirkerud vurderer om hun skal permittere, blir to av bedriftens største kunder slått konkurs. Industrimek as har store summer utestående hos disse firmaene og får med ett store økonomiske problemer. Marte ser ingen annen mulighet enn å gå til oppsigelse, i første omgang av 4 ansatte i produksjonen og 1 fra salgsavdelingen. Hun tar kontakt med den tillitsvalgte ved bedriften og informerer om problemet bedriften står ovenfor. Kalle Kroken er tillitsvalgt og han forlanger at ansiennitetsprinsippet skal legges til grunn. Marte sier i møtet at hun forbeholder seg retten til å gjøre andre vurderinger. Marte foretar en vurdering av bedriftens behov og innkaller deretter de aktuelle kandidater til individuelle drøftingsmøter. Det fremkommer at 4 personer slutter frivillig mot at de får 6 måneders etterlønn og Marte ender opp med kun å foreta 1 oppsigelse. Oppsigelsen, som er formriktig utfylt, rammer Karl Karlsen som har 15 års ansiennitet i produksjonsavdelingen. Han er 50 år, har to barn og kone som er i fullt arbeid med en årslønn på 350.000 kroner. Karlsen er utdannet sveiser og det er et dårlig arbeidsmarked for sveisere. Det finnes intet annet arbeid å tilby Karlsen. Med fagforeningen i ryggen protesterer Karlsen mot oppsigelsen. Han mener at Truls Trulsen, som har lavere ansiennitet (3 år), må gå istedenfor han. Trulsen er utdannet både sveiser og rørlegger og har en spesialkompetanse som bedriften har særlig bruk for. Han er 25 år og er enslig.

Spm. 3
Hva er det første Karl Karlsen må foreta seg når han vil bestride oppsigelses gyldighet?

Karl Karlsen blir sagt opp 15/2-03. I ansettelsesavtalen hans er det vist til arbeidsmiljølovens bestemmelser hva gjelder oppsigelsesfrister.

Spm. 4
Hvilken dag vil være Karlsens siste arbeidsdag?

Spm. 5
Drøft og avgjør om oppsigelsen av Karl Karlsen er ugyldig.

Karl Karlsen tar ut søksmål og forlanger å stå i stilling til saken er avgjort. Marte Kirkerud protesterer da hun mener det vil kunne bidra sterkt til å ta knekken på bedriften og samtlige arbeidsplasser vil kunne gå tapt. Marte går til retten og krever at Karlsen ikke skal stå i stilling til saken er avgjort ved rettskraftig dom.

Spm. 6
Drøft og avgjør om Karl Karlsen har rett til å stå i stilling til saken er avgjort.

I det følgende forutsettes at Karlsen taper rettsaken på alle punkter.
I begynnelsen av 2004 bedrer imidlertid markedet seg og Industrimek får behov for mer arbeidskraft. I mai 2004 lyser de så ut stilling som operatør av en av bedriftens datastyrte produksjonsmaskiner. I stillingsannonsen fremgår at det er et krav med utdanning innen automasjon. Karlsen har sett denne maskinen i bruk og har selv styrt den ved korte sykdomsavbrudd. Det var likevel klart at han hadde en del problemer med å utføre den jobben. Karlsen krever fortrinnsrett til stillingen.

Spm. 7
Drøft og avgjør om Karlsen har fortrinnsrett til stilling som operatør.

I 2005 dukker det plutselig opp et tilbud til Marte Kirkerud, som er eneeier av bedriften, om oppkjøp. Skipsmekk as ønsker å kjøpe hele bedriften. Prisen er god og Marte aksepterer. Endelig aksept skal skje ved undertegning av kontrakt. Før avtalen underskrives blir det sagt at Marte må foreta driftsinnskrenkninger i forkant av fusjonen. Driftsinnskrenkningene innebærer at en enhet i produksjonsavdelingen må avvikles, ettersom Skipsmekk ikke har behov for denne enheten. Det innbefatter 4 oppsigelser. Marte sier ingenting om den planlagte fusjonen til sine ansatte og gjennomfører oppsigelsene på en ryddig måte. Tillitsvalgt i bedriften, Kalle Kroken, får imidlertid snappet opp informasjon om fusjonen. Det skjedde ved at han overhørte at Martes mann, i et lystig lag på den lokale puben, fortalte at bedriften skulle selges og han og Marte kom til å flytte til Spania. Kalle Kroken tar umiddelbart affære og ved hjelp av fagforeningen blir det krevd forhandlinger innenfor fristene. Det blir fremsatt krav om at oppsigelsene trekkes tilbake. Marte avviser kravet og hevder at det ligger innenfor hennes styringsrett å avvikle en enhet dersom hun mener det er riktig rent forretningsmessig. Hun bekrefter at bedriften skal selges og at hun vil informere om dette senere samme dag.

Spm. 8
Drøft og avgjør om oppsigelsene er gyldige.

NYNORSK

Oppgave I

Industrimek as er ei verksemd som produserar og sel utstyr til norske skipsverft. Verksemda har 16 tilsette: 10 i produksjon, 3 i salsavdelinga og 3 i administrasjonen.

Dei tilsette ved Industrimek har tidlegare ikkje vore organisert i nokon fagforening. På grunn av dei usikre tilhøva i bransjen bestemmer samtlege arbeidarar seg for å melde seg inn i Fellesforbundet (som er eit LO-forbund), og det blir sett fram krav om innføring av tariffavtale ved verksemda. Marte skyr Fellesforbundet som pesten og nektar innføring av tariffavtale.

Spm. 1
Forklar kort kva virkemidlar verksemda og dei tilsette kan nytte seg av i denne situasjonen.

På grunn av nedgangen i verftsindustrien har salet sunke. Adm dir Marte Kirkerud vurderar å permittere 2 tilsette i produksjonen og 1 i salsavdelinga.

Spm. 2
Kva for vurderingar må Marte Kirkerud gjere før ho tek avgjersle om desse 3 tilsette skal permitterast? Forklar og kvifor det er viktig med desse vurderingane.

Partane blir til slutt samde og det blir oppretta tariffavtale i verksemda.

Mens Marte Kirkerud vurderar om ho skal permittere, blir to av verksemdas største kunder slått konkurs. Industrimek as har store summar utestående hos desse verksemdene og får med dette store økonomiske problem. Marte ser ingen anna utveg enn å gå til oppseiingar, i fyrste omgang av 4 tilsette i produksjonen og 1 frå salsavdelinga. Ho tek kontakt med den tillitsvalde ved verksemda og informerar om problemet verksemda står framfor. Kalle Kroken er tillitsvald og han forlangar at ansiennitetsprinsippet skal leggast til grunn. Marte seier i møte at ho forbeholder seg retten til å gjere andre vurderingar. Marte foretek ein vurdering av verksemdas behov og innkallar deretter dei aktuelle kandidatane til individuelle drøftingsmøte. Det kjem fram at 4 personar sluttar frivillig mot at dei får 6 månaders etterløn og Marte ender opp med berre 1 oppseiing. Oppseiinga, som er formriktig gjort, rammar Karl Karlsen som har 15 års ansiennitet i produksjonsavdelinga. Han er 50 år, har to barn og kone som er i fullt arbeid med ei årslønn på 350.000 kroner. Karlsen er utdanna sveisar og det er ein dårleg arbeidsmarknad for sveisarar. Det finst ikkje noka anna arbeid å tilby Karlsen. Med fagforeninga i ryggen protesterar Karlsen mot oppseiinga. Han meiner at Truls Trulsen, som har lågare ansiennitet (3 år), må gå istadenfor han. Trulsen er utdanna både sveisar og rørleggjar og har ei spesialkompetanse som verksemda har særleg bruk for. Han er 25 år og er einsleg.

Spm. 3
Kva er det fyrste Karl Karlsen må gjere når han vil gå imot at oppseiinga er gyldig?

Karl Karlsen blir sagt opp 15/2-03. I tilsettingsavtala hans er det vist til arbeidsmiljølovas bestemmelsar kva gjeld oppseiingsfristar.

Spm. 4
Kva dag vil vere Karlsens siste arbeidsdag?

Spm. 5
Drøft og avgjer om oppseiinga av Karl Karlsen er ugyldig.

Karl Karlsen tek ut søksmål og forlangar å stå i stilling til saka er avgjort. Marte Kirkerud protesterar da ho meiner det vil kunne bidra sterkt til å ta knekken på verksemda og samtlege arbeidsplassar vil kunne gå tapt. Marte tek saka til retten og krev at Karlsen ikkje skal stå i stilling til saka er avgjort ved rettskraftig dom.

Spm. 6
Drøft og avgjer om Karl Karlsen har rett til å stå i stilling til saka er avgjort.

I det følgjande skal du sette føre at Karlsen taper rettsaka på alle punkt.
I byrjinga av 2004 betrar marknaden seg og Industrimek treng meir arbeidskraft. I mai 2004 lyser dei så ut stilling som operatør av ein av verksemdas datastyrte produksjonsmaskinar. I stillingsannonsa går det fram at det er eit krav med utdanning innan automasjon. Karlsen har sett denne maskina i bruk og har sjølv styrt den ved korte sjukdomsavbrot. Det var likevel klart at han hadde ein del problem med å gjere den jobben. Karlsen krev fortrinnsrett til stillinga.

Spm. 7
Drøft og avgjer om Karlsen har fortrinnsrett til stilling som operatør.

I 2005 dukkar det plutseleg opp eit tilbod til Marte Kirkerud, som er eineeigar av verksemda, om oppkjøp. Skipsmekk as ønsker å kjøpe heile verksemda. Prisen er god og Marte aksepterar. Endeleg aksept skal skje ved underteikning av kontrakt. Før avtala blir skrive under blir det sagt at Marte må gjera driftsinnskrenkingar i forkant av fusjonen. Driftsinnskrenkingane inneber at ei eining i produksjonsavdelinga må avviklast, ettersom Skipsmekk ikkje treng denne einiga. Det innber 4 oppseiingar. Marte seier ingenting om den planlagte fusjonen til sine tilsette og gjennomfører oppseiingane på ein ryddig måte. Tillitsvald i verksemda, Kalle Kroken, får snappa opp informasjon om fusjonen. Det skjedde ved at han overhøyrde at Martes mann, i eit lystig lag på den lokale puben, fortalde at verksemda skulle seljast og han og Marte kom til å flytte til Spania. Kalle Kroken tar umiddelbart affære og ved hjelp av fagforeninga blir det krevd forhandlingar innanfor fristane. Det blir sett fram krav om at oppseiingane trekkjast tilbake. Marte avviser kravet og hevdar at det ligg innanfor hennar styringsrett å avvikle ei eiining dersom ho meiner det er rett reint forretningsmessig. Ho stadfestar at verksemda skal seljast og at ho vil informere om dette seinare samme dag.

Spm. 8
Drøft og avgjer om oppseiingane er gyldige.